
Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal og
 Ingeborg Klokkersund Djupevåg
Dato 16.05.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 26.04.2022 - planprogram KPA - Alver kommune	
Til stades:	Marte Hagen Eriksrud	Prosjektleder KPA – rådgjevar plan og analyse
	Kristin Nåmdal	Tenesteleder plan og analyse
	Hogne Haugsdal	Kommunalsjef samfunnsutvikling
	Anny Bastesen	Kommunalsjef teknisk forvaltning og drift
	Sondre Sognnes Haugen	Rådgjevar plan og analyse
	Trude Langedal	Rådgjevar plan og analyse
	Line Thuen Waage	Prosjektleder samfunnsdelen
	Malin Andvik	Utvalseleder i areal, plan og miljø
	Frode Moen Aarland	Statens vegvesen
	Ingelin Garen	Statens vegvesen
	Lars Ottar Sagstad	Statens vegvesen
	Hege Brekke Hellesøe	Statsforvalteren
	Eirik Brynjelsen	Statsforvalteren
	Åshild Hjørnevik Vatshelle	Statsforvalteren
	Sverre Høyenes	Statsforvalteren
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF Koordinator for planforum
	Ingeborg Klokkersund Djupevåg	VLFK-SUD PKF
	Lillian Bakke Byrknes	VLFK-INV-forvaltning Bergensområdet
	Tone Bøyum	VLFK-INV-forvaltning Bergensområdet
	Sigrun Wølstad	VLFK-KII- kulturarv
	Berit Vik	VLFK-KII-kulturarv
	Gunhild Raddum	VLFK-MOK-Transportplanlegging
	Grete Kathrine Jacobsen	VLFK-INN - næring
Arve Helle	Politisk vald observatør	
Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv Hordaland ,	
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 14
Møtetid:	26.04.22	Møtestad: Digitalt - teams

Møteleder: Eva Katrine R Taule

Referat Planforum Alver KPA – 26. april 2022

Introduksjonsrunde rundt bordet
Kommunen presenterer

v/ Malin Andvik, Hogne Haugsdal, Marte Hagen Eriksrud og Sondre Sognnes Haugen

- Generell presentasjon om viktige element i for planlegging i Alver kommune
- Presentasjon av KPS som er i slutfasen, og kopling til KPA.
- KPA skal samle og forenkle seks kommunedelplanar.
- Siste kapittel i samfunnsdel «Prinsipp for arealbruk» er bindelegg mellom dei to planane og legg føringar for arealdel
- Tek opp sentrale tema og aspekt frå KPA
 - 3-delt senterstruktur.
 - Ønske om nærsenter har vore behandla i samfunnsdel

av 4

- Prinsipp for strandsoneforvaltninga
- Landbruk
- Kategorisering av reguleringsplanar og kvalitetssikring av planregisteret
- Fleire utgreiingar er på plass og skal på plass som del av planprosessen
- Arealreserven i gjeldande planer. Bustadreserven er meir enn tre gonger større enn behovet i 2040. Størst bustadreserve sentralt.

Diskusjonsrunde

Arealreserve

- Fylkeskommunen: Regional areal og transportplan for bergensområdet omfattar retningslinjer om mellom anna kunnskapsgrunnlaget for planlegging. Kommunen sitt arbeid med arealreserve gjer eit nytt og spennande grunnlag for planarbeidet. Det er ikkje mange kommunar som har dette på plass i starten av planprosessen. Lettare å nå mål som er satt tidleg.
- Statsforvaltaren: Arbeidet med arealreserve er eit veldig bra kunnskapsgrunnlag. Opptatt av at det skal vere gode nærmiljø. Viktig å sjå utbygging i samband med nærmiljøa. Nærleik for born og unge til skule og fritidstilbod.
- Statens vegvesen: Eit bra utgangspunkt og veldig mye bra. Gode intensjonar om å utvikle gode nærmiljø. Arealreserve: Det at ein no ser på eldre planar er eit godt plangrep.
 - Bra med eit eige punkt om beredskap og samfunnstryggleik

Landbruk

- Statsforvaltaren: Prisverdig at dei vil ha ei skikkeleg og grundig gjennomgang av arealreserve. Alver bygger ned veldig lite. Gode på jordvern. Kommunen bør kunne halde seg innanfor ein arealreserve på 20 år. Veldig runde formuleringar, oppmodar om å spisse. Burde ta med jordvernstrategien i KPA. Tipsar om rettleiar frå Rogaland fylkeskommune https://www.rogfk.no/f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder_arealstrategi-og-jordvernmal_regaland-fylkeskommune_november-2021.pdf.

Kommunen kommenterar: har no gjort presiseringar frå høyringa av KPS. Løfta og tydeleggjort strategiar for landbruk gjennom den politiske prosessen.

- Arealregnskap er ikkje nemnt – viktige verktøy
 - Kommunen kommenterar: Har diskutert og ynskjer arealrekneskap. Litt usikker på metoden, søker råd og rettleiing på dette.

Fylkeskommunen: Anbefaler arealrekneskap, men har pr no ikkje metode å vise til. Sunnfjord kommune jobbar med arealregnskap som verktøy dei har vedteke eit nullvekst mål.

- Fylkeskommunen: Kommunen bør leggje til grunn tydelege føresegn for deponiområder.

Biosfæreområde

- Fylkeskommunen: Kva betyr dette for arealforvaltninga i Alver? Dette er ikkje konkretisert i KPA. Planprogrammet bør ta med at kommunen er ein del av eit biosfæreområde, det er unikt i norsk samanheng. Denne prosessen med KPA skal vise at det har noko verdi.
- Kommunen kommenterer: Eit fundament for utviklinga. Balansert utvikling. Mongstad er ein utfordring, må vere med i diskusjonen. Korleis omstille dette. Konkret korleis er ikkje funne ut. Kva betyr dette for arealutviklinga.
- Er med i prosjektet «Areal under press» samarbeid med UIB - ser på moglegheit for å kople dette til arealrekneskap og kopling til KPA

Spreidd utbygging vs. Sentrumsnær utbygging

- Kommunen: ynskjer liv i bygdene og leggje til rette for at ein skal kunne flytte tilbake til bygdene. Viktig å ivareta dei som bur lenger ute og sikre kvalitet ved dei bustadene. Andre kvalitetar i grendene og bygdene. Tydeleg på kva dei ynskjer, og ynskjer hjelp på vegen dit.
- Statsforvaltaren: viser til rettleier om LNF-spreitt, LNF-spreidd nyttast når det er få einingar og lite press. Tenk transformasjon av bygg for å ta vare på det som allereie finst.
- Fylkeskommunen: Det er viktig å unngå riving av bygg og fokusere på transformasjon. Kan spare areal. Unngå at verneverdige og eldre bygg rivast. Bevar det som finst både frå eit kulturperspektiv, men også naturperspektiv.
- Statens vegvesen: Når det kjem til bustadutvikling i alle bygdene er det viktig å ta med seg at gode oppvekstvilkår også inneber trafikktryggleik. Trafikksikkerheit bør vere med som eit

av 4

vurderingskriterium. Ikkje leggje opp til auka personbiltrafikk. LNF-spreidd gjev ikkje grunnlag for finansiering av infrastruktur, oppmodar kommunen om å vere bevisst på kor LNF-spreidd vert nytta.

Kulturarv

- Fylkeskommunen: Mange av sentera har utvikla seg over lang tid. Det er viktig å ivareta kulturminne frå ulike tidsepokar. Verneverdige bygg kan vere utsett for klimaendringar. Vurdere bruk av omsynssone H730 og H 570. Fylkeskommunen kan vere behjelpeleg inn i kunnskapsgrunnlag. Kommunens eigen kulturavdeling kan vere behjelpeleg.
- Minner om undersøkingsplikta knytt til mellom anna ny bruk av område, massehandtering (deponiområde) viktig å avklare gjennom plan-
- Legger ved linkar om konsekvensutredning av kulturminne og kulturmiljø som ligger på Riksantikvaren og miljødirektoratet sine nettsider.

[Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljøer - Riksantikvaren](#)

[Konsekvensutredninger for klima og miljø - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

Infrastruktur og veg

- Fylkeskommunen: Kvalitetskrav: korleis skal kommunen følgje opp krav til trafikktryggleik og samanhengande sykkelveg? Kva blir lagt til grunn for vurdering av vegstandard?
 - Kritisk til spreitt bustadområde med tanke på trafikktryggleik.
 - Saknar fortetting innanfor utbygde områder, kva krav bør vere her?
 - Positivt at næringsareal vert haldt samla.
 - Deponiområde – det er behov for areal, må settast av areal i KPA forholdet til transport er viktig.

Mobilitet og kollektiv:

- Fylkeskommunen: Gode intensjonar. Gode skulevegar og sykkelstrategi. Utfordringa kjem i oppfølginga, særskilt med spreitt busetnad. Dei gode intensjonane må følgjast opp. Mange har innvilga skuleskyss på grunn av farlege skulevegar. Da må ein tenkje grundig gjennom kor ein plasserer framtidige bustadområde.

Verdiskaping og næringsutvikling

- Fylkeskommunen: Det er veldig mye bra i planprogrammet knytt til verdiskaping og næringsutvikling. Positivt med grøn transformasjon av næringslivet. Det å ta i bruk strandsona kan vere bra for verdiskaping, men det kan også bevaring av strandsona med dei kvalitetane og ressursane den har. Positivt med medverknad med næringslivet. Kan vere nyttig å ta direkte kontakt. Det er bra at kommunen har fokus på jordvern.

Bustad

- Statsforvaltaren: Det er viktig å sikre bustad for alle befolkningsgrupper i arealplanlegginga. Også dei vanskelegstilte må med i den planlegginga som det leggjast opp til. Det er viktig at temaplanane ses i relasjon til dei bustadsosiale omsyna i arealplanlegginga. Det er også viktig at kommunen tar med kommunen sine eigne arealbehov, med framtidig behov for til dømes omsorgsbustadar.

Klima

- Statsforvaltaren: Tydeleggjer korleis de vil inkludere reduksjon av klimagassutslepp i KPA. Oppmodar om eit særskilt fokus på myrområde og korleis dette skal følgjast opp. Ligg det til dømes myrområde i gamla planar, som kan revurderast og takast ut.

Sender lenke til informasjon om arealverktøy knytt til nullvekstmål til referatet:

https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/by_stedsutvikling/arealdataverktoy-adv/adv-pa-1-2-3/id2900312/

Andre innspel frå fylkeskommunen:

Folkehelse: temaet er innarbeidd som eit gjennomgåande tema på ein god måte i planprogrammet. Kommunen spør spesielt om innspel til grupper dei bør ha særskilt fokus på, fylkeskommunen ønsker å trekke fram menneske med særskilte behov og/eller funksjonsnedsetting, særleg knytt til arbeidet med UU

av 4

Vassforvaltning: ønsker om minne om ny regional plan for vassforvaltning som har tips til nyttige verktøy i kommuneplanarbeidet om arealplanlegging og vassforvaltning.

<https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/plandokumenter-vannregion-vestland/planperioden-2022--2027/>

Konsekvensutgreiing: i planprogrammet er kapittel for KU og ROS slått saman, vi vil tilrå at det vert delt i to sjølvstendige kapittel. Det er eit krav at utgreiingsprogrammet er uforma slik at det kan tas stilling til om utgreiingsarbeidet er gjennomført i samsvar med programmet. Som ein del av dette bør det visast til metode for KU, oversyn over og vurdering av kunnskapsgrunnlaget og behov for ny kunnskap som grunnlagt for KU.

Vidare prosess

Vedtak av samfunnsdel 19.mai – viktig før spikring av planprogram for KPA

Nytt møte i politisk styringsgruppe for KPA 25.mai med gjennomgang av utkast til planprogram.

Utval for areal, plan og miljø i juni 2022 – 1. gangs vedtak av planprogrammet til arealdelen

Avslutning

Fylkeskommunen: Alver kommune er den første kommunen til å følgje opp retningslinene i den regionale areal og transportplanen for bergensområdet. Takk for et godt møte og kom gjerne tilbake til planforum seinare i prosessen med arealdelen før planen vert sendt på høyring.

Alver kommune ved utvalsleiar takkar for innspel til planprogrammet, ønsker at det er mogleg å jobba vidare i dialog med dei andre etatane. Håpar å få problemstillingar fram tidleg i prosessen og ikkje mot slutten. Takker administrasjonen for godt arbeid.

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum VLFK_Planprogram KPA
- 2 KPA Alver_Planprogram_Følgjenotat til planforum_26042022
- 3 Kommuneplanen sin arealdel Alver_Utkast til planprogram_010422